

Samarbeidande kraftfylke

Fylkeskommunane:

	Sør-Trøndelag	Vest-Agder
Finnmark	Møre og Romsdal	Aust-Agder
Troms	Sogn og Fjordane	Telemark
Nordland	Hordaland	Buskerud
Nord-Trøndelag	Rogaland	Oppland

Leiar: Magnar Lussand,
 Postadr.: Folkedal, 5736 Granvin.
 Tlf. 56525828, Mobil: 93431800.
 E-post: m-luss@online.no
 Sekretariat: Kraftfylkesekretariatet,
 Postadr.: SFE, Bukta, 6823 Sandane.
 Tlf. 57884719. Fax 57884701.
 E-post: john.stoyva@sfe.no

Dato: 19.02.2003.

Olje- og energidepartementet
 v/ Olje- og energiminister Einar Steensnæs
 Postboks 8148 Dep.
 0033 Oslo

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
02/ 2351 - 49	
DATO 20 FEB. 2003	
AN 501	EKSP.
Vassdragslag	

Heimfall, nedsetjing av utval


Det vert vist til pressemelding frå OED dgs. 10.02.2003, med melding om at eit offentleg utval skal vurdere heimfallsinstituttet. Olje- og energiministeren har her gjort eit fornuftig grep i ei komplisert sak.

Vi reknar med at det er aktuelt med eit utval som skal leggje fram ein NoU. Eit slikt utval bør mellom anna greie ut:

- Kva som skal til for å skape konkurransedyktige norske eigarmiljø.
- Alternative løysingar med og utan heimfall.
- Skikkeleg vederlag til noverande eigarar dersom heimfall.
- Korleis heimfalne verdiar skal fordelast, eksplisitt om fylkeskommunane skal ha rettar.
- Fordelar og ulemper med utanlandsk eigarskap i norsk kraftsektor.
- Kva som skal til for å tilfredsstille EØS/ESA sine krav til like konkurransevilkår.
- Kraftoppdekking i tørrår sett i høve til eigarskap og konsesjonslovene.
- Vurdere kor robuste dei ulike ordningar er.
- Vurdere konsekvensar for norske forbrukarar.

Samarbeidande kraftfylke har interesser i spørsmålet om korleis heimfalne verdiar skal fordelast. Fleire av fylkeskommunane som er med i samarbeidet har også viktige interesser i kraftproduksjon. Med bakgrunn i dette ber Samarbeidande kraftfylke om å bli representert i utvalet som skal nedsetjast.

Med helsing
 Samarbeidande kraftfylke


 Magnar Lussand